



Redaktør Gro Heidi Åsen Molland med det nye produktet – papiravisa. (Foto: Geir Remme, innsida.no)

**Gro Heidi Åsen Molland (28) frå Uskedalen har teke over som redaktør for nettavisa innsida.no og har i tillegg det praktiske ansvaret for den tilknytta, nye vekeavisa som kjem ut på torsdagar**

Kristian Hus, som har vore redaktør i fem år har tidlegare seld innsida.no til Haugesunds Avis og vil ei tid framover ha ei friare stilling i innsida.no.

Gro Heidi har vore journalist i nettavisa sidan 2004. Skriveinteressa hennes skaut fart på Skjeberg Folkehøyskole i 1998/1999 og seinare har ho studert journalistikk ved MI Bergen og Høgskolen i Oslo/NKS Fjernundervisning. Ho har også gjennomført studiar som nettredaktør.

- Vi har hatt ei fantastisk utvikling sidan 2003 og når vi no også er blitt papiravis skriv vi norsk mediehistorie, seier den nye redaktøren til si eiga avis.  
I veka som kjem vil innsida.no gjennomgå ei ansiktsløfting, men blir ikkje så mykje endra at brukarane ikkje vil kjenna seg igjen.  
Ambisjonane til den nye redaktøren er at produktet skal utvikla seg heile tida.  
Gro Heidi er gift, har to barn og er busett i Jondal.

Av Ola Matti Mathisen